



Geir Enes sluttar i Kvinnherad Breiband. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Teknisk sjef i Kvinnherad Breiband AS Geir Enes (Uskedalen) har sagt opp stillinga si med verknad frå 1. desember, melder innsida.no.

Han skal over i eit nyetablert firma på Stord der han også er medeigar. Det heiter Future Operation Management

og Enes er også medeigar i dette. Selskapet tilbyr tenester innanfor fjerndrift i mindre oljeselskap. Kvinnherad Breiband har førebels ikkje søkt etter ny teknisk sjef og til det skjer skal Tor Hveem frå iDrift utføre slike tenester for selskapet. Han har tidlegare vore utleigd til same firma.